

SAKSFRAMLEGG TIL HANDSAMING I KOMMUNANE I REGION NORDHORDLAND.

Selskapsavtale for Region Nordhordland Helsehus IKS(RNH)

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

xxxxxx kommune sluttar seg til etablering av *Region Nordhordland Helsehus IKS* og selskapsavtalen slik den er framlagt i saka.

Bakgrunn:

Kommunane i Region Nordhordland gjorde i 2013 vedtak om å byggja eit Region – og helsehus på om lag 8000 m², oppført og drifta av eit interkommunalt selskap(IKS). Med bakgrunn i dette vert det etablert eit eige IKS med heimel i *Lov om interkommunale selskap av 29.januar 1999*, eigd av dei ni samarbeidskommunane i Region Nordhordland.

Regionrådet har i møte 11.april 2014 slutta seg til framlegg til *Selskapsavtale for Region Nordhordland Helsehus IKS*, med fordeling av røyster, eigardel og rammer for låneopptak, slik det er utforma i avtalen, men med justeringar som kom fram i møtet. Regionrådet har bedt Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI) legge fram selskapsavtalen for handsaming i eigarkommunane.

Formålet med selskapet:

Selskapet skal byggje, drifte og leige ut lokale til offentleg tenesteyting, fortrinnsvis helse - og omsorgstenester for kommunane i Region Nordhordland. Ved å samle desse tenestene på ein stad kan ein legge til rette for utvikling og gode tenester. Dessutan vil eit slikt bygg vere med å sikre at vi får behalde og utvide delar av spesialisthelsetenesta i regionen. Det vil vere eit gode for innbyggjarane, det styrkar det faglege miljøet og det utviklar Knarvik som eit regionsenter. Selskapet sine leigeinntekter skal finansiere kapitalkostnadene, felles utgifter og vedlikehald. Det vil bli inngått leigeavtalar med leigetakarane før endeleg utbygging vert bestemt. Bygget vil bli finansiert med lån og tilskott frå Husbanken.

Drift av selskapet:

Selskapet skal ha eit styre og ein dagleg leiar som er tilsett av styret. Dagleg leiar reporterar til styret, og har ansvaret for dagleg leiing og drift av selskapet.

For å kunne nytte ressursane best mogleg vil det vere naturleg å nytte tilsette i Nordhordland utviklingsselskap IKS(NUI) for å få realisert og drifte det nye selskapet(RNH).

Det vil vere tenleg at desse to selskapa har felles dagleg leiar og at RNH kjøper administrative tenester frå NUI.

Sidan RNH vil ha ein relativ stor økonomi og at målet med selskapet vil vere annleis enn for NUI vil det vere mest ryddig å ha dette i to åtskilte selskap.

Viktige element i avtalen:

Selskapet skal ha ansvar for å byggja, drifta og leige ut lokale til offentleg tenesteyting.

Selskapet sitt øvste organ er representantskapet. Fordeling av røyster i representantskapet er basert på eigardelen i selskapet, slik det er vist til §4 i avtalen.

Kommunane sin eigar-/ansvarsdel i selskapet er fordelt etter følgjande prinsipp:

- 20 % fordelt likt på alle kommunane
- 80 % fordelt ut i frå folketalet som er 01.01.14

Høgaste ramme for selskapet si samla låneopptak er 300 millionar kroner. Representantskapet skal godkjenne låneopptak etter framlegg frå styret.

Vedlagt i saka:

Selskapsavtale for Region Nordhordland Helsehus IKS